



Silje Magrethe har fullført fagprøven som konditor

Silje Magrethe Nygård skriv på Facebooksida si i kveld at ho går letta og glad til sengs. Etter to døger med intenst arbeid med fagprøven som konditor, kan Silje vera godt nøgd. Ikkje alle kan syna til to svennebrev og frå i morgon er ho tilsett hos Landsbybakaren på Sæbøvik i full stilling.

Læretida og fagprøven er gjennomført hos Elins Matgleder i Uskedalen. Oppgåva var trekt måndag ettermiddag. Eit døgn vart brukt til førebuing, oppveging og klargjering. Vel 6 timar gjekk med til sjølve svenneprøven.

Sjefssensor var Evy Førland Sander. Med seg hadde ho ein konditor frå Baker Brun i Bergen. Uskedalen.no helsar Silje og takkar for mykje god bakst i heile hennar læretid hos Elin Enes.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal